

Styret for fagskulen i Sogn og Fjordane v/rector  
 Reidar Grønli

## Statsbudsjettet 2018 - nye studieplassar til fagskuleutdanning

Vi viser til brev m/vedlegg frå Kunnskapsdepartementet, datert 17.10.17 (motteke her 27.10.17), om nye studieplassar til fagskuleutdanning. Frist for fylkeskommunane for å søkje om nye studieplassar frå hausten 2018 er sett til 30.11.17.

Viser også til møtet mellom fylkesrådmannen, fylkesdirektøren for opplæring og Fagskulen i Sogn og Fjordane 01.11.17 om finansiering av fagskuleutdanning, og seinare kontakt med rektor om saka.

Som grunnlag for ein eventuell søknad frå Sogn og Fjordane fylkeskommune ber fylkesrådmannen fagskulestyret vurdere om det er grunnlag for å søke om nye fagskuleplassar (studieplassar) ved Fagskulen i Sogn og Fjordane frå hausten 2018. Fylkesrådmannen ber om at fagskulestyret, som ein del av dette, vurderer og dokumenterer følgjande:

- Kompetansebehov i arbeidsmarknaden – at eventuelle nye studieplassar er innanfor utdanningar som arbeidsmarknaden har behov for
- Realismen i søkjargrunnlag for å auke opptaket av fagskulestudentar
- Om det er fagleg kapasitet ved fagskulen til å auke opptaket allereie frå hausten 2018
- Om dei nye studieplassane kan etablerast innanfor dei økonomiske rammene som Kunnskapsdepartementet legg til grunn

Fylkesrådmannen ber også fagskulestyret vise eventuelle planar for 2019 – altså om det kjem til noko ut over det som er omtala for hausten 2018.

Fylkesrådmannen ber om at ein eventuell søknad frå fagskulestyret vert sendt fylkesrådmannen v/Ingeborg Lie Fredheim, seinast 29.11.17.

Med helsing

Paal Fosdal  
 ass. fylkesrådmann

Ingeborg Lie Fredheim  
 kontorsjef

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

### Vedlegg:

Brev frå Kunnskapsdepartementet, datert 17.10.17: Statsbudsjettet 2018 – nye studieplasser til fagskuleutdanning